

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Kommuneplanutvalet	14.01.2026	003/26
Kommunestyret	22.01.2026	003/26

Sluttbehandling av planprogram for arealdelen til kommuneplanen 2027-2039

Kort om saka

Saka gjeld sluttbehandling av planprogram for ny arealdel til kommuneplanen for Øygarden kommunen 2027-2039, med strategiar for framtidas utvikling. Saka tek for seg innspel og fråsegner som er komen inn i høyringsperioden, og endringar som er gjort sidan forslag til planprogram vart lagt fram for politisk behandling første gang.

Saksframlegget som gjekk til kommunestyret 21. oktober ligg som vedlegg til denne saka. Her følgjer også tilråding frå kommuneplanutvalet og uttale frå råda i kommunen.

Planprogrammet er digitalt, og kan lesast her: [Planprogram for arealdelen til kommuneplanen](#).

Det ligg ein pdf av planprogrammet som vedlegg til saka, og det høyrer til ei eiga kartforteljing til planprogrammet, som viser og illustrerer strategiane:

[Verdiar vi skal bevara og utvikling for framtida](#)

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Presentasjon - Orientering i kommunestyret 22.01.26

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og §11-13 vedtek kommunestyret planprogram for arealdelen til kommuneplanen 2027-2039, saman med strategiar som viser kva verdiar vi skal bevara og korleis Øygarden skal utviklast for framtida.

Planprogrammet vert vedteken med dei endringane som kjem fram av saka.

Saksopplysningar

21. oktober 2025 i sak 091/25 gjorde kommunestyret vedtak om å leggja forslag til planprogram for ny arealdel til kommuneplan med strategiar for framtidens utvikling på høyring. Høyringsperioden har vore i tida 24. oktober til 7. desember.

Som del av høyringa har det vore fleire arrangement og møte:

- Ope innspelsmøte på innbyggjartorg og bibliotek på Straume 11. november (omlag 30 møtte).
- Høyringsmøte med statsforvaltar i Vestland og Vestland fylkeskommune 13. november.
- Innspelsmøte for næringslivet 13. november (omlag 40 møtte).
- Orientering om planprogrammet på inspirasjonskonferanse for landbruk 20. november (omlag 80 møtte).

Kva har vi bedt om innspel på

I invitasjonen til å komma med innspel har kommunen bedt om tilbakemeldinga på:

- Legg vi opp til ein god og open prosess, der innbyggjarar, lag og organisasjonar, næringsaktørar og resten av øygdssamfunnet vert involverte og høyrde?
- Vi har prioriterte fem hovudtema for planarbeidet: utvikling for framtida, leva og bu i heile kommunen, strandsona, næringsutvikling og sentera i Øygarden. Er nokre tema spesielt viktige? Er det andre tema vi burde ha løfta fram og prioritert?

- Frå dei statlege og regionale høyringspartane ønskjer vi særleg tilbakemelding på metodeskilddinga for å vurdere framtidens arealbruk.

- Som del av strategiane har vi justert senterstrukturen som vart vedteken i samfunnsdelen, ved å redusere talet på lokalsenter frå sju til fire. Lokalsentera Toftøy, Knarrvika og Ulveset/Møvika er teken ut. Vi har også definert sentrumskjerner for tre kommunedelsenter (Rong, Ågotnes og Skogsskiftet) og fire lokalsenter (Tjeldstø, Fjell, Spildepollen og Stranda). For kommune- og regionsenteret Straume har vi definert ei sentrumskjerne og eit nærområde til sentrumskjernen.

Innspel som er komen inn

Til saman er det komen inn om lag 150 innspel frå øygdssamfunnet og frå segner frå offentlege høyringspartar. I tillegg har fleire innbyggjarar engasjert seg gjennom lesarinnlegg i Vestnytt.

Innspela frå øygdssamfunnet har ulike perspektiv, og nokre av innbyggjarane våre har mobilisert innan sin omgangskrets eller foreining for å gi styrke til sine innspel:

- Fleire innspel handlar om arealbruk og frykta for at strategiane vil hindra utviklinga dei ønskjer seg. Her kjem det også fram ei generell bekymring for at satsinga på utvikling av sentera vil svekka bygdene og deira moglegheiter for lokale møteplassar og bustader. Ein del innspel viser til at deira bygd bør vera lokalsenter.
- Andre er positive til ein tydeleg senterstruktur, men at vi likevel må arbeida meir med å sikra kvalitet og vera meir fleksible når vi legg til rette for næringsutvikling og arbeidsplassar.
- Nokre er skeptiske til kunnskapsgrunnlaget og strategiane. Kunnskapsgrunnlaget vert oppfatta som plankart – t.d. at regionale friluftsområde vert tolka som arealbruk eller det vert peika på at administrasjonen har for lite lokalkunnskap, særleg om landskap og strandsona.
- Innspela viser også frustrasjon og ønskjer om endring innan tema som ikkje kan løysast gjennom arealdelen, som til dømes tilgang på tenester i sentera.

- Samstundes er det mange positive tilbakemeldingar om at kunnskapsgrunnlaget er godt, og at prosessen er open.
- Det er komen positive tilbakemeldingar på at kommunen gjennom bruk av kunnskap og strategiane satsar meir på å ta vare på verdiar som natur og landbruksjord.
- Nokre meiner framleis at vi må ha meir kunnskap om natur, økosystem og naturmangfald i sjø, og at vi enda har langt att før vi varetek verdiane våre på ein god måte.
- Nokre av innspela handlar om at vi ikkje har lagt godt nok til rette for tidleg medverknad, at det ikkje har vore god nok informasjon, at det er ein omfattande og komplisert prosess, eller at dei ønskjer møter fleire stader i kommunen.
- Ein del av innspela er reine arealinnspel, og det vil gå ut ei oppmoding om at desse sender innspelet på nytt i den digitale innspelsløyisinga innanfor innspelsperioden.

Fråsegnene frå dei offentlege høyringspartane er i all hovudsak positive til arbeidet som er gjort til no. Her vert særleg kunnskapsgrunnlaget, den langsiktige strategiske retninga for ei heilskapleg utvikling og den gode samhandlinga mellom politikk og administrasjon trekt fram.

Dei har likevel nokre merknader til tema vi bør arbeida meir med. Dei har også generelle oppmodingar om å korleis kommunen kan ivareta deira forvaltingsområde på ein god måte:

- Det vert peika på fleire tema som må leggst til grunn for konsekvensutgreiingar og arbeid med risiko- og sårbarheitsanalyse.
- Tema som sjøtransport, interessekonfliktar i sjø, naturmangfald i sjø og økosystemtenester bøt utgreiast betre.
- Dersom kommunen vel å setja av areal til tiltak i sjø, må vi henta inn ny kunnskap.
- Det er ei generell oppmoding om å arbeida betre med arealbruk i sjø.
- Oppmodar til å arbeida meir med omfang av naust og småbåthamner i dag opp i mot nye arealformål. Viser også til at vi bør omtala byggegrense mot sjø og vassdrag i planprogrammet.
- Stiller spørsmål ved om vi greier vi å implementera kunnskapsgrunnlaget frå den nye kulturmiljøplanen inn i arealdelen til kommuneplanen.
- Skeptisk til trafikktryggleik og våre forpliktingar til å nå nullvekstmålet når vi legg opp til utvikling i heile kommunen og bruk av LNF-spreidd.
- Har forventingar til at vi arbeider heilskapleg og berekraftig med temaet masseforvaltning.
- Stiller spørsmål ved korleis vi skal balansera satsinga på natur, opplevingar og kultur samstundes som vi har ei storstilt satsting på industriell aktivitet. Korleis skal vi greie å ta vare på naturverdiar og innbyggjarane våre, samstundes som vi satsar på turisme?
- Sjølv om dei offentlege høyringspartane er positive til både strategiane og at vi i planprogrammet skildrar korleis vi skal ivareta statlege og regionale føringar, er dei framleis skeptiske til om kommunen faktisk greier å følgja opp dette i arbeidet med ny arealdel.

Kommunedirektøren vil i si vurdering i denne saka gå nærmare inn på nokre av temaa som er omtalt i merknadane. Som vedlegg til saka ligg det ei matrise med samla oppsummering av innspel og fråsegner med vurderingar frå administrasjonen, og korleis dei eventuelt vert følgde opp. Det er mogleg å følgja lenkene i matrisa dersom det er ønskjeleg å lesa heile innspela.

Kommunedirektøren sine forslag til endringar i planprogrammet og strategiane etter høyringa, er vist i tabellen som ligg i slutten av saka. Forslag til endringar er innarbeidd i planprogrammet og strategiane.

Vurdering og konklusjon

Saksopplysningar

21. oktober 2025 i sak 091/25 gjorde kommunestyret vedtak om å leggja forslag til planprogram for ny arealdel til kommuneplan med strategiar for framtidas utvikling på høyring. Høyringsperioden har vore i tida 24. oktober til 7. desember.

Som del av høyringa har det vore fleire arrangement og møte:

- Ope innspelsmøte på innbyggjartorg og bibliotek på Straume 11. november (omlag 30 møtte).
- Høyringsmøte med statsforvaltar i Vestland og Vestland fylkeskommune 13. november.
- Innspelsmøte for næringslivet 13. november (omlag 40 møtte).
- Orientering om planprogrammet på inspirasjonskonferanse for landbruk 20. november (omlag 80 møtte).

Kva har vi bedt om innspel på

I invitasjonen til å komma med innspel har kommunen bedt om tilbakemeldinga på:

- Legg vi opp til ein god og open prosess, der innbyggjarar, lag og organisasjonar, næringsaktørar og resten av øygardssamfunnet vert involverte og høyrde?
- Vi har prioriterte fem hovudtema for planarbeidet: utvikling for framtida, leva og bu i heile kommunen, strandsona, næringsutvikling og sentera i Øygarden. Er nokre tema spesielt viktige? Er det andre tema vi burde ha løfta fram og prioritert?

- Frå dei statlege og regionale høyringspartane ønskjer vi særleg tilbakemelding på metodeskildringa for å vurdere framtidas arealbruk.

- Som del av strategiane har vi justert senterstrukturen som vart vedteken i samfunnsdelen, ved å redusere talet på lokalsenter frå sju til fire. Lokalsentera Toftøy, Knarrvika og Ulveset/Møvika er teken ut. Vi har også definert sentrumskjerner for tre kommunedelsenter (Rong, Ågotnes og Skogsskiftet) og fire lokalsenter (Tjeldstø, Fjell, Spildepollen og Stranda). For kommune- og regionsenteret Straume har vi definert ei sentrumskjerne og eit nærområde til sentrumskjernen.

Innspel som er komen inn

Til saman er det komen inn om lag 150 innspel frå øygardssamfunnet og frå segner frå offentlege høyringspartar. I tillegg har fleire innbyggjarar engasjert seg gjennom lesarinnlegg i Vestnytt.

Innspela frå øygardssamfunnet har ulike perspektiv, og nokre av innbyggjarane våre har mobilisert innan sin omgangskrets eller foreining for å gi styrke til sine innspel:

- Fleire innspel handlar om arealbruk og frykta for at strategiane vil hindra utviklinga dei ønskjer seg. Her kjem det også fram ei generell bekymring for at satsinga på utvikling av sentera vil svekka bygdene og deira moglegheiter for lokale møteplassar og bustader. Ein del innspel viser til at deira bygd bør vera lokalsenter.
- Andre er positive til ein tydeleg senterstruktur, men at vi likevel må arbeida meir med å sikra kvalitet og vera meir fleksible når vi legg til rette for næringsutvikling og arbeidsplassar.
- Nokre er skeptiske til kunnskapsgrunnlaget og strategiane. Kunnskapsgrunnlaget vert oppfatta som plankart – t.d. at regionale friluftsområde vert tolka som arealbruk eller det vert peika på at administrasjonen har for lite lokalkunnskap, særleg om landskap og strandsona.
- Innspela viser også frustrasjon og ønskjer om endring innan tema som ikkje kan løysast gjennom arealdelen, som til dømes tilgang på tenester i sentera.
- Samstundes er det mange positive tilbakemeldingar om at kunnskapsgrunnlaget er godt, og at prosessen er open.
- Det er komen positive tilbakemeldingar på at kommunen gjennom bruk av kunnskap og strategiane satsar meir på å ta vare på verdiar som natur og landbruksjord.

- Nokre meiner framleis at vi må ha meir kunnskap om natur, økosystem og naturmangfald i sjø, og at vi enda har langt att før vi varetek verdiane våre på ein god måte.
- Nokre av innspela handlar om at vi ikkje har lagt godt nok til rette for tidleg medverknad, at det ikkje har vore god nok informasjon, at det er ein omfattande og komplisert prosess, eller at dei ønskjer møter fleire stader i kommunen.
- Ein del av innspela er reine arealinnspel, og det vil gå ut ei oppmoding om at desse sender innspelet på nytt i den digitale innspelsløysinga innanfor innspelsperioden.

Fråsegnene frå dei offentlege høyringspartane er i all hovudsak positive til arbeidet som er gjort til no. Her vert særleg kunnskapsgrunnlaget, den langsiktige strategiske retninga for ei heilskapleg utvikling og den gode samhandlinga mellom politikk og administrasjon trekt fram.

Dei har likevel nokre merknader til tema vi bør arbeida meir med. Dei har også generelle oppmodingar om å korleis kommunen kan ivareta deira forvaltingsområde på ein god måte:

- Det vert peika på fleire tema som må leggst til grunn for konsekvensutgreiingar og arbeid med risiko- og sårbarheitsanalyse.
- Tema som sjøtransport, interessekonfliktar i sjø, naturmangfald i sjø og økosystemtenester bør utgreiast betre.
- Dersom kommunen vel å setja av areal til tiltak i sjø, må vi henta inn ny kunnskap.
- Det er ei generell oppmoding om å arbeida betre med arealbruk i sjø.
- Oppmodar til å arbeida meir med omfang av naust og småbåthamner i dag opp i mot nye arealformål. Viser også til at vi bør omtala byggegrense mot sjø og vassdrag i planprogrammet.
- Stiller spørsmål ved om vi greier vi å implementera kunnskapsgrunnlaget frå den nye kulturmiljøplanen inn i arealdelen til kommuneplanen.
- Skeptisk til trafikktryggleik og våre forpliktingar til å nå nullvekstmålet når vi legg opp til utvikling i heile kommunen og bruk av LNF-spreidd.
- Har forventingar til at vi arbeider heilskapleg og berekraftig med temaet masseforvaltning.
- Stiller spørsmål ved korleis vi skal balansera satsinga på natur, opplevingar og kultur samstundes som vi har ei storstilt satsting på industriell aktivitet. Korleis skal vi greie å ta vare på naturverdiar og innbygarane våre, samstundes som vi satsar på turisme?
- Sjølv om dei offentlege høyringspartane er positive til både strategiane og at vi i planprogrammet skildrar korleis vi skal ivareta statlege og regionale føringar, er dei framleis skeptiske til om kommunen faktisk greier å følgja opp dette i arbeidet med ny arealdel.

Kommunedirektøren vil i si vurdering i denne saka gå nærmare inn på nokre av temaa som er omtalt i merknadane. Som vedlegg til saka ligg det ei matrise med samla oppsummering av innspel og fråsegner med vurderingar frå administrasjonen, og korleis dei eventuelt vert følgde opp. Det er mogleg å følgja lenkene i matrisa dersom det er ønskeleg å lesa heile innspela.


Kommunedirektøren sine forslag til endringar i planprogrammet og strategiane etter høyringa, er vist i tabellen som ligg i slutten av saka. Forslag til endringar er innarbeidd i planprogrammet og strategiane.


Vurdering og konklusjon

Naturstrategien og utmarksgrensa

Det er komen fleire innspel om at utmarksgrensa utfordrar gjeldande arealbruk og framtidige ønskje om utbygging. Samstundes er det også fleire innspel som framhevar at naturen er viktig for innbygarane og lokalt næringsliv innan oppleving og reiseliv. Her vert utmarksgrensa trekt fram som ei positiv satsing, og andre næringar viser til at det er føreseieleg å vera tydeleg på kvar vi ikkje skal bygga ned natur. Statsforvaltaren viser til at utmarksgrensa vil vera ein viktig langsiktig strategi for å ivareta naturverdiar som Øygarden har eit særskilt ansvar for å ta vare på.

Naturen er under stort press i regionsenteret, men som kartet nedanfor viser, gjeld dette også rundt Blomvåg, der vi allereie har satsa stort på utvikling av industri.





Det er viktig å sikra at vi har natur att i desse områda. Både for naturen sin eigen del, men også for at det framleis skal vera attraktivt å bu i desse områda. Utmarksgrensa er foreløpig ein strategi, som ikkje er finteikna og gjennomarbeidd i eit plankart. Nokre stader er det i gjeldande planar byggeformål innanfor utmarksgrensa. Desse formåla må vi vurdere om vi skal vidareføre eller ikkje, før vi fastset endeleg utmarksgrense når vi vedtek arealdelen i 2027.

Miljø- og klimastrategien

I tida etter at kunnskapsgrunnlaget om [klima og miljø](#) vart utarbeidd, er det for Øygarden kommune utført kartlegging av berg i dagen og grunnlendt terreng under marin grense som grunnlag for reduksjon av aktsemdområde for kvikkleireskred. Dette har gjort det mogleg å redusera aktsemdområdet for kvikkleireskred betydeleg i Øygarden kommune (NVE Atlas). Kommunedirektøren meiner no at aktsemdsområde for kvikkleire utgjer eit godt grunnlag for å vurdere reell aktsemd for kvikkleireskred, og foreslår derfor at aktsemdsområde for kvikkleire vert del av klima- og miljøstrategien punkt nr 4, under temaet utvikling for framtida.

Ut i frå innspela som er komen inn ser kommunedirektøren at det i tillegg kan vera nyttig å justera ordlyden i klima- og miljøstrategien punkt 1 til: Vi skal setta krav om å ta vare på og/eller tilføre grønt i all utbygging i Øygarden. Formålet med strategien er å skapa grøne nærmiljø og senter for innbygarane våre, og at vi skal ha grøne verdiar att der vi vel å bygga.

Senterstruktur – Lokalsenter

Det er komen innspel om at Ulveset/Møvika, Knarrvika og Toftøyna bør oppretthaldast som eigne lokalsenter. I tillegg er det komen innspel om at Skålvika bør vera lokalsenter. Samstundes gir fylkeskommunen positive tilbakemeldingar på at talet på lokalsenter no utgjer eit meir realistisk bilete på kvar vi i kommunen vår vi kan greie å bygga opp om sterke senter. Nokre av innspela frå øygaardssamfunnet peikar også på at det er viktig å styrka dei sentera vi har.

Kommunedirektøren held framleis fast ved at vi for planperioden til ny arealdel (2027-2039) fastset arealbruken ut i frå at vi har fire lokalsenter: Tjeldstø, Fjell, Spildepollen og Stranda.

Arbeidet med både samfunnsdelen til kommuneplanen og planprogrammet til ny arealdel viser at det er utfordrande å finna eit tydeleg sentrumpunkt for vestsida, Knarrvika og Toftøyna. Dermed vert det i desse områda vanskeleg å definera sentrumskjerner der vi innanfor ein gangbar avstand skal kunna samla funksjonar, tettleik av busette og utviklingspotensiale. Kommunedirektøren meiner det ikkje er grunnlag for å utvikla lokalsenter i desse områda i planperioden 2027-2039.

Senterstruktur – senterutstrekning

Fleire av merknadane viser til at utstrekning av sentera bør justerast, med bakgrunn i eigedomsinteresser og ønske om fortetting. Dei fleste av merknadane handlar om senterutstrekning på Straume. Kommunedirektøren må her understreke at dei definerte sentrumskjernane i alle sentera, og nærområdet til sentrumskjernen for Straume er viktige grep for å sikra at kommunen følgjer opp statlege og regionale føringar om å bygga innanfrå og ut.

Sentrerutstrekninga for alle sentera tek utgangspunkt i ein felles metode, som skal sørgja for at vi bygger attraktive senter med korte avstandar (gangavstand) mellom ei meir konsentrert bustadbygging og kvardagstenester. Kartet nedanfor viser at innspela legg opp til ei relativ stor utviding av nærområdet til Straume, men også mindre utviding av sentrumskjernen i ulike retningar. Dersom vi byrjar å justera på desse grensene vil vi kanskje ikkje greia å oppnå målsettingane om korte avstandar, effektiv bruk av areal og fortetting av tenester og bustader i nokre meir sentrale delar av kommunen. Justeringar vil også skapa forventningar om at utstrekningane kan justerast for andre eigedommar, som også berre ligg rett utanfor.



Sjølv om senterutstrekninga ligg som ei ramme for vidare utvikling og arealbruk, er den ikkje juridisk bindande. Vi vil kunna vurdere kva som er hensiktsmessig arealbruk også på grensa eller rett utanfor utstrekninga.

Landbruksjorda

Noko av den politiske drøftinga i samband med behandlinga av forslag til planprogram med strategiar, handla om at det var ønskjeleg å ta vare på mest mogleg i landbruksjord. I høyringsperioden er det komen inn forslag om at nullvisjonen for å ta av landbruksjorda bør gjelda både fulldyrka og overflatedyrka mark. Statsforvaltaren peikar på at kommunen har ansvar for å ta vare på både dyrka mark og beiteområde.

Med bakgrunn i tidlegare drøftingar og tilbakemeldingar i høyringsperioden, foreslår kommunedirektøren å endra ordlyden i punkt 1 i strategiane for landbruk, under næringsutvikling til : Vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av landbruksjorda (fulldyrka mark, overflatedyrka mark og innmarksbeite).

I tillegg foreslår kommunedirektøren at det i punkt 3 i strategiane for landbruk, under næringsutvikling vert presisert at registrerte område som kan dyrkast opp i framtida er dyrkbar jord i arealressurskartet (AR5): Vi skal ta vare på registrerte område som kan dyrkast opp i framtida (dyrkbar jord frå AR5).

Planlegging i sjø og akvakultur

Fleire av innspela peikar på korleis kommunen bør og ikkje bør arbeida vidare med arealbruk i sjø, kanskje særleg opp i mot akvakulturnæringa. Målet med strategiane er å visa korleis kommunen kan skapa rammer og leggja til rette for at næringa kan ta gode vegval for utviklinga vidare, med mål om betre fiskehelse og mindre miljøpåverknadar.

Strategiane krev at vi arbeider vidare med temaet i arealdelen. Gode løysingar for utvikling av akvakultur er avhengig av tydelegare statlege føringar og dialog med næringa. Strategiane er ikkje meint at skal inngå som føresegner, men vera rammer for arealbruk i sjø og i dialog med næringane.

Kommunedirektøren ser at det kan vera behov for å konkretisera punkt 1 under Kriteria for nye å leggja inn nye akvakulturformål, eller vidareføra eksisterande formål, heilt eller delvis. Her kan det i samsvar med fleire innspel visast til kva som er viktige verdiar i sjø og på land. Kriteria bør også gjelda råstoffutvinning, i samsvar med merknad frå kystverket. Kommunedirektøren foreslår følgjande ordlyd: Utviklinga skal ikkje vera i konflikt med marint naturmangfald, fiskeriinteresser, skipsfart, friluftsliv, landskap, og skal vurderast opp i mot nærliggande bustadmiljø.

Metodeskildring for framtidens utvikling – konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

I høyringa av planprogrammet har vi bedt dei offentlege høyringspartane om å gje tilbakemelding på metodeskildringa for å vurdere framtidens arealbruk. Statsforvaltaren i Vestland, Vestlandsfylkes kommune og sektormyndar innan dei ulike forvaltingsområda har i stor grad komen med merknader til både utgreiingstema og kva tema som bør løftast særleg fram i konsekvensutgreiinga. Til dømes kunnskap om marint naturmangfald, konsekvensar for sjøtransport og fiskeriinteresser, plante- og dyrehelse, mat- og vassforsyningstryggleik, tilgjenge og aldersvennelege samfunn, økosystemtenester og vassmiljø. Høyringspartane viser også til at tema som trafikk og beredskap, sjøtransport bør løftast fram i ROS-analysen.

Merknadane vert teken med vidare og er i stor grad innarbeidd i metodeskildringa. Kommunedirektøren vil samstundes understreka at metodeskildringa må vera eit levande dokument for å blant anna tilpassast endringar i metodane til miljødirektoratet som er forventa i 2026. Metodeskildringa er meint som ei oppskrift, som må kunna justerast for at vi vurderer arealbruken på best mogleg grunnlag. Justeringane som er gjort i metodeskildringa er derfor ikkje lista opp i tabellen med endringar i planprogrammet, då det også vil kunna komma endringar seinare.

Bustadbehov i planprogrammet

Statsforvaltaren etterspør ei grunngjeving for kvifor «høgalternativet» for befolkningsutviklinga er valt som grunnlag for arealreserven i planprogrammet. Øygarden kommune har sidan samfunnsdelen (2022) nytta høgalternativet som grunnlaget for den kommunale utviklinga. Når vi samanliknar faktisk vekst mot forventta vekst, viser historiske tal at det er alternativet for høg nasjonal vekst som har samsvart best med den faktiske utviklinga i folketalet i Øygarden.

Øygarden har viktige drivarar for vidare vekst, som Sotrasambandet, nærings- og sentrumsutvikling. For å leggja til rette for tilstrekkeleg bustadbygging meiner kommunedirektøren at det vil vera viktig å leggja dette framskrivingsalternativet til grunn når vi vurderer behovet for areal til bustader. Vi trur desse drivarane vil gjera Øygarden attraktiv i åra framover.

Kor stor effekten blir er likevel usikker. Derfor vil vi måtte gjera nye samanlikningar av arealreserven opp i mot forventta vekst når vi legg fram forslag til ny arealdel.

Oppsummering og tilråding

Tilbakemeldingane frå både øygardsamfunnet og dei offentlege høyringspartane viser at vi har arbeidd godt med kunnskapsgrunnlaget og retninga for arealbruken gjennom strategiar i planprogrammet. Likevel vert det peika på at både kunnskapsgrunnlaget, strategiane og skildringane av prosessen i planprogrammet kunne vore enda meir grundig og tatt for seg fleire tema.

Kommunedirektøren ønskjer her å minne om at planprogrammet skal setja rammene for det vidare arbeidet med arealdelen. Nokre av problemstillingane som vert trekt fram, særleg av dei offentlege høyringspartane og næringslivet må vera ein del av sjølve utarbeidinga av ein ny arealdel. I planprogrammet er vi også tydelege på at kunnskapsgrunnlaget skal vera levande, og oppdaterast med ny kunnskap undervegs i det vidare planarbeidet.

Kommunedirektøren meiner at planprogrammet med strategiar som vert lagt fram til sluttbehandling skildrar ein god prosess fram mot ein endeleg arealdel.

Tabellen nedanfor viser forslag til endringar i planprogrammet. Det er berre foreslått små justeringar av ordlyden i nokre av strategiane.

Tema	Strategi	Strategi på høyring	Justert/endra strategi
Endringar i kap. 5 - Hovudtema for planarbeidet			
Utvikling for framtida	Miljø- og klimastrategien, første kulepunkt	Vi skal setta krav om å ta vare på og tilføra grønt i all utbygging i Øygarden.	Vi skal setta krav om å ta vare på og/eller tilføra grønt i all utbygging i Øygarden.
	Miljø- og klimastrategien, fjerde kulepunkt	Vi skal ikkje leggja til rette for ny bygging i aktsemdsområde for flaum, steinsprang, jord eller flaumskred.	Vi skal ikkje leggja til rette for ny bygging i aktsemdsområde for kvikkleireskred flaum, steinsprang, jord eller flaumskred.
	Bustadstrategien, første kulepunkt. I tillegg er kommentaren til strategien oppdatert.	Vi skal ha nok bustad og LNF-spreidd areal i heile kommunen til å dekkja befolkningsutviklinga (høgalternativet) frå 2027 til 2050.	Vi skal ha nok bustad- og LNF-spreidd areal i heile kommunen til å dekkja behovet for bustader til den venta befolkningsutviklinga (SSB-framskriving, alternativ

			høg nasjonal vekst) frå 2027 til 2050.
Næringsutvikling	Strategiar – Landbruk, første kulepunkt	Vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av fulldyrka jord.	Vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av landbruksjorda (fulldyrka mark, overflatedyrka mark og innmarksbeite).
	Strategiar – Landbruk, tredje kulepunkt	Vi skal ta vare på registrerte område som kan dyrkast opp i framtida.	Vi skal ta vare på registrerte område som kan dyrkast opp i framtida (dyrkbar jord frå AR5).
	Strategiar – Havbruk og planlegging i sjø, femte kulepunkt. Endringa gjeld Kriteria for å leggja inn nye akvakulturformål, eller vidareføra eksisterande formål, heilt eller delvis. Kriteria vert utvida til å også gjelda råstoffutvinning.	Utviklinga skal ikkje vera i konflikt med verdiane i sjø eller på land.	Utviklinga skal ikkje vera i konflikt med marint naturmangfald, fiskeriinteresser, skipsfart, friluftsliv, landskap, og skal vurderast opp i mot nærliggande bustadmiljø.

Kommuneplanutvalet 14.01.2026:

Endringsforslag frå FrP, H, V, Krf, SL-TVØ - Svein Otto Jacobsen, Fremskrittspartiet

I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og §11-13 vedtek kommunestyret planprogram for arealdelen til kommuneplanen 2027-2039, saman med strategiar som viser kva verdiar vi skal bevare og korleis Øygarden skal utviklast for framtida - med desse endringane/tillegga:

Nr	Tema	Strategi til høyring	Endringsforslag frå adm.	Forslag til ny formulering
1	Klima og miljø	Vi skal setta krav om å ta vare på og tilføra grønt i all utbygging i Øygarden.	Vi skal setta krav om å ta vare på og/eller tilføra grønt i all utbygging i Øygarden	Tillegg: Eksisterande grøntområde skal kunna nyttast som uteområde.
2	Klima og miljø	Vi skal ikkje leggja til rette for ny bygging i aktsemdsområde for flaum, steinsprang, jord eller flaumskred.	Vi skal ikkje leggja til rette for ny bygging i aktsemdsområde for kvikkleireskred flaum, steinsprang, jord eller flaumskred.	Tillegg: Dersom det ikkje er mogleg å gjere avbøtande tiltak

3	Landbruk	Vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av fulldyrka jord.	Vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av landbruksjorda (fulldyrka mark, overflatedyrka mark og innmarksbeite).	Behalda det opphavlege: Vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av fulldyrka jord.
4	Landbruk	Vi skal ta vare på registrerte område som kan dyrkast opp i framtida.	Vi skal ta vare på registrerte område som kan dyrkast opp i framtida (dyrkbare jord frå AR5).	Behalda det opphavlege: Vi skal ta vare på registrerte område som kan dyrkast opp i framtida.
5	Havbruk og planlegging i sjø	Utviklinga skal ikkje vera i konflikt med verdiane i sjø eller på land.	Utviklinga skal ikkje vera i konflikt med marint naturmangfald, fiskeriinteresser, skipsfart, friluftsliv, landskap, og skal vurderast opp i mot nærliggande bustadmiljø.	Endring på det opphavlege: Utvikling skal ikkje vera i vesentleg konflikt med viktige verdiar i sjø.
6	Lokalsentre			Lokalsentera Møvika/Ulveset og Toftøy blir innarbeidd som lokalsentre. Lokalsenteret Ulveseth/Møvika inkluderer også Skålevik

Planprogrammet vert vedteken med dei endringane som kjem fram av saka.

Tilleggs punkt frå MDG, INP, AP, R - Andreas Ormevik, Miljøpartiet Dei Grøne

Kommunestyret meiner at kunnskapsgrunnlaget til dette planprogrammet skal vere styrande for arealbruken i ny kommuneplan.

Endring i pkt 1 i kommunedirektøren sitt forslag frå MDG, INP, AP, R - Andreas Ormevik, Miljøpartiet Dei Grøne

Kommunedirektøren sitt forslag, men med følgjande endring av første punkt:
I utbyggingsområde skal vi sette krav om å ta vare på eksisterande grøntområde så langt som råd, og tilføre grønt for å erstatte der man tar av grøntareal.

Tilleggs punkt frå FrP, H, V, Krf, SL-TVØ - Beate Bjelland, Høgre

Kommunestyret legg til grunn at alle utmarks- og strandsonekart er utkast, og endeleg kart blir fastsett i den vidare prosessen.

Behandling i møtet

Orientering

Lisbeth Selstø og Kristina Espeseth orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet.
Presentasjon vert lagt ved denne saka.

Votering

Tilleggsforslaget frå FrP, H, V, Krf, SL-TVØ vart samrøystes tilrådd.

Endringsforslaget frå FrP, H, V, KrF, SL-TVØ - fekk 7 stemmer (FrP 1, H 3, KrF 1, SL-TVØ 1, V 1) og vart tilrådd.

Tilleggsforslag frå MDG, INP, AP, R - fekk 4 stemmer (MDG, INP, AP, R) og fall.

Endringsforslag frå MDG, INP, AP, R - Kommunedirektøren sitt forslag med endring i punkt 1 - fekk 4 stemmer (MDG, INP, AP, R) og fall.

Vedtak i Kommuneplanutvalet - 14.01.2026 - 003/26

Kommuneplanutvalet gir slik tilråding til kommunestyret

1. I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og §11-13 vedtek kommunestyret planprogram for arealdelen til kommuneplanen 2027-2039, saman med strategiar som viser kva verdiar vi skal bevare og korleis Øygarden skal utviklast for framtida - med desse endringane/tillegga:

Nr	Tema	Strategi til høyring	Endringsforslag frå adm.	Forslag til ny formulering
1	Klima og miljø	Vi skal setta krav om å ta vare på og tilføra grønt i all utbygging i Øygarden.	Vi skal setta krav om å ta vare på og/eller tilføra grønt i all utbygging i Øygarden	Tillegg: Eksisterande grøntområde skal kunna nyttast som uteområde.
2	Klima og miljø	Vi skal ikkje legga til rette for ny bygging i aktsemdsområde for flaum, steinsprang, jord eller flaumskred.	Vi skal ikkje legga til rette for ny bygging i aktsemdsområde for kvikkleireskred flaum, steinsprang, jord eller flaumskred.	Tillegg: Dersom det ikkje er mogleg å gjere avbøtande tiltak
3	Landbruk	Vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av fulldyrka jord.	Vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av landbruksjorda (fulldyrka mark, overflatedyrka mark og innmarksbeite).	Behalda det opphavlege: Vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av fulldyrka jord.
4	Landbruk	Vi skal ta vare på registrerte område som kan dyrkast opp i framtida.	Vi skal ta vare på registrerte område som kan dyrkast opp i framtida (dyrkbare jord frå AR5).	Behalda det opphavlege: Vi skal ta vare på registrerte område som kan dyrkast opp i framtida.
5	Havbruk og planlegging i sjø	Utviklinga skal ikkje vera i konflikt med verdiane i sjø eller på land.	Utviklinga skal ikkje vera i konflikt med marint naturmangfald, fiskeriinteresser, skipsfart, friluftsliv, landskap, og skal vurderast opp i mot nærliggande bustadmiljø.	Endring på det opphavlege: Utvikling skal ikkje vera i vesentleg konflikt med viktige verdiar i sjø.
6	Lokalsentre			Lokalsentera Møvika/Ulveset og Toftøy blir innarbeidd som lokalsentre. Lokalsenteret

2. Planprogrammet vert vedteken med dei endringane som kjem fram av saka.

3. Kommunestyret legg til grunn at alle utmarks- og strandsonekart er utkast, og endeleg kart blir fastsett i den vidare prosessen.

Kommunestyret 22.01.2026:

Endringsforslag frå H, FrP, KrF, SL-TVØ, PP, V - Punktet om lokalsentere i tilrådinga frå KPU - Svein Otto Jacobsen, Fremskrittspartiet

Punktet i tilrådinga frå kommuneplanutvalet:

«Lokalsentera Møvika/Ulveset og Toftøy blir innarbeidd som lokalsentre. Lokalsenteret Ulveseth/Møvika inkluderer også Skålevik»

Vert endra til:

«Lokalsentera Møvik/Skålevik og Toftøy blir innarbeidd som lokalsentere.»

Behandling i møtet

Symphorien Pombe (SV) fekk permisjon frå møtet under behandlinga av denne saka. Det var 44 representantar tilbake i møtet.

Orientering

Lisbeth Selstø og Kristina orienterte om saka og svarte på spørsmål frå kommunestyret.

Presentasjon vert lagt ved denne saka.

Utvallsleiar Svein Otto Jacobsen orienterte også om arbeidet med kommuneplanen.

Votering

Voteringsmåten: Kommunedirektøren sitt forslag vart sett opp mot punkta i tilrådinga frå kommuneplanutvalet (med endringsforslaget om lokalsentera).

Kommunedirektøren sitt forslag

1. og 2. setning fekk 15 stemmer (AP (7), INP (4), MDG (1), R (1), SP (1), SV (1)) og fall.

Tilråding frå kommuneplanutvalet med endringsforslag om lokalsentera

Pkt 1 og 2 fekk 29 stemmer (FrP (7), (H (14), SL-TVØ (3), V (1), KrF (3), PP (1)) og vart vedteke.

Pkt 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 22.01.2026 - 003/26

1. I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og §11-13 vedtek kommunestyret planprogram for arealdelen til kommuneplanen 2027-2039, saman med strategiar som viser kva verdiar vi skal bevare og korleis Øygarden skal utviklast for framtida - med desse endringane/tillegga:

Nr	Tema	Strategi til høyring	Endringsforslag frå adm.	Forslag til ny formulering
1	Klima og miljø	Vi skal setta krav om å ta vare på og tilføra grønt i all utbygging i Øygarden.	Vi skal setta krav om å ta vare på og/eller tilføra grønt i all utbygging i Øygarden	Tillegg: Eksisterande grøntområde skal kunna nyttast som uteområde.
2	Klima og miljø	Vi skal ikkje leggja til rette for ny bygging i aktsemdsområde for flaum, steinsprang, jord eller flaumskred.	Vi skal ikkje leggja til rette for ny bygging i aktsemdsområde for kvikkleireskred flaum, steinsprang, jord eller flaumskred.	Tillegg: Dersom det ikkje er mogleg å gjere avbøtande tiltak
3	Landbruk	Vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av fulldyrka jord.	Vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av landbruksjorda (fulldyrka mark, overflatedyrka mark og innmarksbeite).	Behalda det opphavlege: Vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av fulldyrka jord.
4	Landbruk	Vi skal ta vare på registrerte område som kan dyrkast opp i framtida.	Vi skal ta vare på registrerte område som kan dyrkast opp i framtida (dyrkbare jord frå AR5).	Behalda det opphavlege: Vi skal ta vare på registrerte område som kan dyrkast opp i framtida.
5	Havbruk og planlegging i sjø	Utviklinga skal ikkje vera i konflikt med verdiane i sjø eller på land.	Utviklinga skal ikkje vera i konflikt med marint naturmangfald, fiskeriinteresser, skipsfart, friluftsliv, landskap, og skal vurderast opp i mot nærliggande bustadmiljø.	Endring på det opphavlege: Utvikling skal ikkje vera i vesentleg konflikt med viktige verdier i sjø.
6	Lokalsentre			Lokalsentera Møvik/Skålevik og Toftøy blir innarbeidd som lokalsentre.

2. Planprogrammet vert vedteken med dei endringane som kjem fram av saka.

3. Kommunestyret legg til grunn at alle utmarks- og strandsonekart er utkast, og endeleg kart blir fastsett i den vidare prosessen.